



**System for
kvalitetsvurdering
av verksemd etter
Opplæringslova
i
Seljord kommune**

Vedtatt i Seljord kommunestyre i sak 003/07.

Innhold:

Systemet for kvalitetsvurdering er sett saman av følgjande komponentar:

1. Oversyn over aktuelle styringsdokument og ansvarsfordeling
2. Verktøy for å vurdere om opplæringslova følgjast
 - Sjekkliste for kontroll mot lova
 - Rutinar for konkrete arbeidsoppgåver
3. Verktøy for å vurdere kvaliteten på opplæringa
 - Skulebasert vurdering
 - Vurdering av læringsmiljø
 - Vurdering av læringsutbytte
4. Plan for gjennomføring av kvalitetsvurdering
 - Oversyn over oppgåver
 - Årsplan for kvalitetsvurdering

1. Oversyn over aktuelle styringsdokument og ansvarsfordeling

Styringsdokument:	Ansvar for etablering av dokumentet:	Ansvar for oppfølging:
Opplæringslova med forskrifter	Kunnskapsdepartementet	Skulefagleg ansvarleg/rektor
Nasjonale læreplanar	Kunnskapsdepartementet	Skulefagleg ansvarleg / rektor
Lokale læreplanar	Skulefagleg ansvarleg / rektor	Rektor
Nasjonale satsingsområde	Utdanningsdirektoratet	Skulefagleg ansvarleg / rektor
Kommuneplan	Rådmann/kommunestyre	Skulefagleg ansvarleg
Økonomiplan/budsjett	Rådmann/kommunestyre	Skulefagleg ansvarleg
Handlingsplan for undervisningssektoren	Skulefagleg ansvarleg	Skulefagleg ansvarleg
Planer for særskilde satsingsområde	Skulefagleg ansvarleg	Rektor
Plan for kompetanseutvikling for tilsette	Skulefagleg ansvarleg	Skulefagleg ansvarleg/rektor
Verksemdsplan for den einkilde skule	Rektor	Rektor
Verksemdsplan Seljord grunnskule	Skulefagleg ansvarleg	Skulefagleg ansvarleg/rektor
Plan for miljøretta helsevern for barn og unge	Skulefagleg ansvarleg/kommunelege	Rektor
Rutinar for konkrete oppgåver i skulen	Skulefagleg ansvarleg/rektor	Rektor

2. Verktøy for å vurdere om opplæringslova følgjast

2.1. Sjekkliste, sjå eige dokument

Skulefagleg ansvarleg syt for at sjekklista blir gjennomgått kvart år og at nødvendig oppfølging blir gjennomført.

2.2. Rutinar for konkrete oppgåver, sjå sjekkliste og eigne dokument

Skulefagleg ansvarleg syt for at rutinar for konkrete oppgåver blir etablert, oppdatert og gjort tilgjengeleg for dei som skal utføre oppgåvene.

3. Verktøy for å vurdere kvaliteten på opplæringa

3.1. Skulebasert vurdering

- Skulebasert vurdering gjennomførast årleg.
Ein skifter mellom felles vurderingsområde for alle skulane og at skulane vel eige tema for sin skule.
- Skulefagleg ansvarleg syt for at resultat frå alle skulane blir samla, følgde opp og presenterte på ein måte som legg til rette for drøftingar på ulike nivå.
- Resultata frå den skulebaserte vurderinga bør drøftast internt på skulane, i møte med elevar og føresette, i møter mellom skular, i møter mellom skular og skuleeigar og i politisk utval.

3.2. Verktøy for å vurdere læringsmiljøet

- Alle skular med aktuelle trinn gjennomfører "Elevundersøkinga".
- Skulefagleg ansvarleg syt for at resultat frå alle skulane blir samla, følgde opp og presenterte på ein måte som legg til rette for drøftingar på ulike nivå.
- Resultat frå "Elevundersøkinga" bør drøftast internt på skular, i møte med elevar og føresette, i møter mellom skular, i møter mellom skular og skuleeigar og i politisk utval.

3.3. Verktøy for å vurdere læringsutbyttet

- Alle skular med aktuelle trinn gjennomfører følgjande målingar av læringsutbytte:
 - Nasjonale prøvar
 - Kartleggingsprøvar (barneskular)
 - Karakter- og læringsstøttande prøvar (ungdomsskular)
 - Andre målingar av læringsutbytte etter behov.
- Karakterar for eksamen og standpunkt 10. årssteg vert samla og følgde opp.
- Skulefagleg ansvarleg syt for at resultat frå alle skulane blir samla, følgde opp og presentert på ein måte som legg til rette for drøftingar på ulike nivå.
- Resultata bør drøftast internt på skulane, i møter med elevar og føresette, i møter mellom skular, i møter mellom skular og skoleeigar og i politisk utval.

4. Plan for gjennomføring av system for kvalitetsvurdering etter Opplæringslova § 13-10

4.1. Oversyn over hovudoppgåver:

- Lovinnfriing:
 - Gå gjennom sjekklista.
 - Følgje opp ”avvik”
- Kvalitet:
 - Gjennomføre vurdering, prøver og undersøkingar
 - Følgje opp resultat, lage felles presentasjonar for alle skulane
 - Drøfte resultatata på ulike nivå
 - Revidere planar
- Rapportere til, og drøfte på politisk nivå

4.2. Om plassering av oppgåver i årsplanen:

- Innsamling og oppfølging av resultat må skje på skuleeigarnivå fordi det gjeld fleire skular.
- Innsamling og oppfølging av resultat bør skje straks data er tilgjengelege.
- Drøfting av resultat på skulane bør skje straks resultat og presentasjonar er tilgjengelege.
- Drøfting mellom skular av resultat frå alle prøver og undersøkingar skjer éin gong per år i eit rektormøte.
- Drøfting på politisk nivå av resultat skjer éin gong pr. år ved handsaming av årsmeldinga.

4.3. Årsplan:

Tidspunkt:	Oppgåve:	Ansvarleg:	Utført: Dato/sign
Januar	Evaluere systemet for kvalitetsvurdering og sørge for nødvendig revidering.	Skulefagleg ansvarleg	
Januar-april	Gjennomføre Elevundersøkinga på 7. og 10 årstrinn	Rektor	
Februar	Gjennomføre karakter og læringsstøttande prøver på 10. årstrinn	Rektor	
Mars	Samle og analysere resultat frå karakter og læringsstøttande prøver frå 10. årstrinn	Skulefagleg ansvarleg	
Mars	Drøfte resultat frå karakter- og læringsstøttene prøver på 10. årstrinn på ungdomsskulen	Rektor	
Mars	Tilbakemelding til politisk nivå om gjennomført kvalitetsvurdering etter opplæringslova § 13-10, i årsmeldinga	Skulefagleg ansvarleg	
April	Samle inn og analysere resultat frå Elevundersøkinga	Skulefagleg ansvarleg	
April	Drøfting av resultat frå Elevundersøkinga på skulen (lærarar/elever/føresette)	Rektor	
April	Analysere karakterstatistikk (fra nettside U.dir.)	Skulefagleg ansvarleg	
Mai	Drøfte karakterstatistikk på ungdomsskulen (lærarar/elever/føresette)	Rektor	
Mai-Juni	Gjennomføre skriftleg eksamen	Rektor	
Mai	Samle inn og gjennomgå resultat frå nasjonale prøver.	Skulefagleg ansvarleg	
Mai	Innsamling og oppfølging av resultat frå skulebasert vurdering	Skulefagleg ansvarleg	
Juni	Drøfting av resultat for skulebasert vurdering på skulen (elever/lærarar/føresette)	Rektor	
Juni	Drøfte resultat for skulebasert vurdering, læringsmiljø og læringsutbytte i rektormøte, nettverksmøte og medarbeidarsamtale	Skulefagleg ansvarleg	
Juni	Drøfte resultat frå nasjonale prøver på skulane (lærarar/elever/føresette).	Rektor	
Juni	Gjennomføre munnleg eksamen	Rektor	
Juni	Gå gjennom sjekklista for lovinnfriing	Skulefagleg ansvarleg/rector	
August-desember	Følgje opp "avvik" frå sjekklista	Skulefagleg ansvarleg/rector	
September	Starte opp skulebasert vurdering	Skulefagleg ansvarleg/rector	
September	Gjennomføre nasjonale prøver på 5. og 8. årstrinn	Rektor	

November	Gjennomføre kartleggingsprøver på 2. og ?? årstrinn	Rektor		
November	Samle og analysere resultat fra kartleggingsprøver på 2. og ?? årstrinn	Skulefagleg ansvarleg		
November	Drøfte resultat fra kartleggingsprøvene for 2. og ?? årstrinn på skulen (lærarar/elever/føresette)	Rektor		
November	Gjennomføre karakter og læringsstøttande prøver på 8. årstrinn	Rektor		
Desember	Innsamling og analysering av resultatata frå karakter- og læringsstøttande prøver frå 8. årstrinn	Skulefagleg ansvarleg		
Desember	Drøfte resultat frå karakter- og læringsstøttande prøver på 8. årstrinn på skulen (lærarar/elever/føresette)	Rektor		

2.1 Sjekkliste i høve til opplæringslova

O.L. = Opplæringsloven, R.S. = Rundskriv

Tema	Lov, forskrift	Sjekkpunkt / kommunens praksis	Lenke til internt dokument/ skriftleg rutine	Ansvarleg	OK Dato, sign. ansv.
Formålet med opplæringa	O.L. § 1-2	Kommunen har utarbeidd overordna målsettingar for skulesektoren.	Kommuneplan og Handlingsplan.	Rådmann/skulefagleg ansvarleg	
Formålet med opplæringa	O.L. § 1-2	Skulane har utarbeidd egne måldokument for verksemda	Strategisk plan	Rektor	
Tilpassa opplæring	O.L. § 1-2	Kommunen har ein strategi for å tilpasse opplæringa til den einskilde elev.	Individuelle arbeidsplanar Lokal læreplan	Skulefagleg ansvarleg/rektor	
Samarbeid med heimen	O.L. § 1-2	Skulen har rutinar som sikrar godt samarbeid mellom skulen og heimen		Rektor	
Rett og plikt til grunnskuleopplæring	O.L. § 2-1	Kommunen har rutinar for å registrere alle barn i skulepliktig alder og for oppfølging av barn som eventuelt ikkje møter til undervisning.		Skulefagleg ansvarleg/rektor	
Rett og plikt til grunnskuleopplæring	O.L. § 2-1	Kommunen har rutinar for handsaming av søknader om spesielt tidleg eller sein skulestart, og om avbrot etter 9. årssteg.		Skulefagleg ansvarleg	
Omfanget av grunnskuleopplæringa i tid	O.L. § 2-2	Opplæringa er i samsvar med fag- og timefordeling Jfr. nasjonal forskrift .	Vedtatt fag- og timefordelingsplan for kvar skule	Rektor	
Omfanget av grunnskuleopplæringa i tid	O.L. § 2-2	Kommunen utarbeider og offentliggjør skulerute.	Kommunal forskrift	Skulefagleg ansvarleg	
Innhaldet i opplæringa	O.L. § 2-3	Opplæringa er i samsvar med gjeldande nasjonale og lokale læreplanar.	Lokale læreplanar	Rektor/lærar	
Vurdering av elevane	O.L. § 2-3	Skulane har faste rutinar for gjennomføring av elevvurdering.	Elevsamtalar, foreldresamtalar og karakterar	Rektor	
Vurdering av elevane	O.L. § 2-3	Elevar og føresette blir informerte om retten til å klage på vurderinga og klager vert handsama etter forskrifta		Rektor	

Tema	Lov, forskrift	Sjekkpunkt / kommunens praksis	Lenke til internt dokument/ skriftleg rutine	Ansvarleg	OK Dato, sign. ansv.
Fritak frå delar av undervisninga	O.L. §2-3a R.S. F-8/05	Elevar og føresette blir informert om retten til fritak. Eventuelle søknader etter gjeldande reglar.		Rektor/ skulefagleg ansvarleg	
Målformer i grunnskulen	O.L. § 2-5	Kommunen har vedteke målform for kvar skule. Føresette blir informert om rettar i høve til lova.	Kommunal forskrift	Rektor/lærar	
Språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar	O.L. § 2- 8	Kommunen har rutinar for vurdering av behovet for morsmålsopplæring og handsaming av søknader.		Rektor/skule- fagleg ansvarleg	
Ordensreglement	O.L. § 2-9 + 2-10	Kvar skule har eige godkjend ordensreglement. Elevar og føresette blir informert om reglementet.	Kommunal forskrift Reglement for kvar skule.	Rektor/lærar	
Permisjon frå den pliktige opplæringa	O.L. § 2-11	Skulen har rutinar for vurdering av søknader om permisjon frå undervisninga.	Kommunalt delegasjonsvedtak	Rektor/skule- fagleg ansvarleg	
Rettar for blinde og svaksynte	O.L. § 2-14	Blinde og svaksynte blir informert om, og får tilfredsstilt sine særskilde rettar.		Rektor	
Rett til gratis offentlig grunnskuleopplæring	O.L. § 2-15	Skulen krev ikkje eigenbetaling av føresette for aktivitetar som går føre seg i skulen sin regi.		Rektor	
Opplæring spesielt for vaksne	O.L. § 4 A	Vaksne blir ved førespurnad informert om retten til grunnskuleopplæring og spesialundervisning.		Skulefagleg ansvarleg	
Opplæring spesielt for vaksne	O.L. § 4 A	Vaksne med rett til opplæring, får et tilrettelagt tilbod.		Skulefagleg ansvarleg	
Rett til spesialundervisning	O.L. § 5-1	Skulen har kartleggingsrutinar for å avdekke behov for spesialundervisning.		Rektor/lærar	
Rett til spesialundervisning	O.L. § 5. 3-5	Elevar med rett til spesialundervisning, får innvilga spesialundervisning.		Skulefagleg ansvarleg	
Pedagogisk-psykologisk teneste	O.L § 5-6	Seljord samarbeider med 5 andre kommunar om ei interkommunal PP-teneste i Vest-Telemark.	Samarbeidsavtale om Vest-Telemark PPT	Skulefagleg ansvarleg	
Rett til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder	O.L. § 5-7	Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov får spesialpedagogisk hjelp, får slik hjelp.		Skulefagleg ansvarleg	

Tema	Lov, forskrift	Sjekkpunkt / kommunens praksis	Lenke til internt dokument/ skriftleg rutine	Ansvarleg	OK Dato, sign. ansv.
Skyss og innlosjering	O.L § 7-1	Elever på 1. årstrinn med meir enn 2 km skuleveg , i 2. –4. årstrinn med meir enn 3 km og i 5.-10. årstrinn med meir enn 4 km skuleveg, får gratis skyss.	Kommunestyresak 70/94	Rektor	
Skyss – farleg skulevei	O.L § 7-1	Elevar med særleg farleg skuleveg får gratis skyss etter kommunalt vedtak.	Kommunestyresak 70/94	Rektor	
Skyss – funksjonshemma og mellombels skadde elever	O.L § 7.3 + 7.4	Funksjonshemma og mellombels skadde elever får gratis skyss og reisefølge/tilsyn ved ventetid uavhengig av lengda på skulevegen.		Rektor	
Tilsyn	O.L § 7.5	Skulane har fast inspeksjonsordning før og etter undervisningstida.		Rektor	
Skyss for førskulebarn som får spesialpedagogisk hjelp	O.L § 7.6	Barn under opplæringspliktig alder som har rett til spesialpedagogisk hjelp får gratis skyss etter særskilt vurdering.		Skulefagleg ansvarleg	
Organisering av skulestrukturen	O.L. § 8-1	Kommunen har vedteken forskrift om kva skular elevane soknar til og har rutinar for å vurdere søknader om unnatak.	Kommunal forskrift	Skulefagleg ansvarleg	
Organisering av elevar i grupper	O.L § 8-2	Elevane er organisert i pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarlege grupper og kvar elev er knytt til ein kontaktlærer.	Klasselister med kontaktlærer	Rektor	
Leiing av skulane	O.L. § 9-1	Kvar skule er leia av ein rektor som har faglig, pedagogisk og administrativ kompetanse.		Skulefagleg ansvarleg	
Rådgeving	O.L. § 9-2	Elevane har tilgang til nødvendig rådgeving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål.	Årleg rammetimetal	Rektor/skulefagleg ansvarleg	
Skulebibliotek	O.L. § 9-2	Skulane i Seljord og Flatdal har samarbeidsavtale med folkebibliotektenesta Skulen i Åmotsdal nyttar bokbussen sine tilbod.		Skulefagleg ansvarleg/ rektor	
Utstyr	O.L § 9-3	Skulen har tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremidlar.		Skulefagleg ansvarleg/ rektor	

Tema	Lov, forskrift	Sjekkpunkt / kommunens praksis	Lenke til internt dokument/ skriftleg rutine	Ansvarleg	OK Dato, sign. ansv.
Lærebøker og andre læremiddel	O.L. § 9-4	Skulen har læremidlar som er i samsvar med læreboknormalen og som er tilgjengelege på dei målføre som foreldra/elevane ønskjer.		Rektor	
Skuleanlegg	O.L. § 9-5	Kommunen har tenlege anlegg ved alle skulane.		Skulefagleg ansvarleg/rektor	
Alkohol	O.L. § 9-5	Alkohol er ikkje tillate ved nokon av skulane i kommunen.	Ordensreglane	Skulefagleg ansvarleg/rektor	
Rett til eit godt fysisk miljø	O.L. § 9A-1+2	Kommunen har rutinar for å vurdere elevane sitt fysiske miljø, handsamar eventuelle klager og set inn tiltak når det er nødvendig	MHV-plan Vernerunde	Rektor	
Rett til et godt psykososialt miljø	O.L. § 9A-3	Kommunen har rutinar for å vurdere elevane sitt psykososiale miljø, handsamar eventuelle klager og setter inn tiltak når det er nødvendig.	MHV-plan Vernerunde	Rektor	
Mobbing	O.L. § 9A-3	Skulen har rutinar for å fange opp og handtere tilfelle av mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.	Lokale handlingsplanar. Manifest mot mobbing.	Rektor	
Internkontroll	O.L. § 9A-4	Skulen har et internkontrollsystem for å sikre elevane si helse, miljø og tryggleik.		Rektor	
Elevmedverknad i skulemiljøarbeidet	O.L. § 9A-5	Elevane er representert i skulemiljøutvalet.		Rektor	
Informasjonsplikt og uttalerett	O.L. § 9A-6	Samarbeidsutval, skuleutval, skulemiljøutval, elevråd og foreldreråd får aktuell og nødvendig informasjon i saker som gjeld skulemiljøet.		Rektor	
Kompetansekrav til undervisningspersonell	O.L. §10-1	Undervisningspersonell som vert tilsette i skulen, har relevant fagleg og pedagogisk kompetanse.		Skulefagleg ansvarleg/rektor	
Utlysing av stillingar	O.L. §10-4	Kommunen lyser ut undervisningsstillingar og rektorstillingar offentleg, med nokre unntak som er omtala i loven.		Skulefagleg ansvarleg/rektor	

Tema	Lov, forskrift	Sjekkpunkt / kommunens praksis	Lenke til internt dokument/ skriftleg rutine	Ansvarleg	OK Dato, sign. ansv.
Kompetanseutvikling	O.L. §10-8	Kommunen tek ansvar for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemdene, og syter for kompetanseutvikling i samsvar med sentrale føringar.		Skulefagleg ansvarleg/rektor	
Politiattest	O.L. §10-9	Kommunen krev at den som skal tilsettast i grunnskulen, legg fram politiattest.	Politiattest blir etterspurt i velkomstskrivet.	Skulefagleg ansvarleg/rektor	
Samarbeidsutval	O.L. § 11-1	Alle grunnskulane i kommunen har samarbeidsutval samansett etter gjeldande lov og forskrift.		Rektor	
Skulemiljøutval	O.L. § 11-1a	Alle grunnskulane i kommunen har skulemiljøutval samansett etter gjeldande lov og forskrift.		Rektor	
Elevråd	O.L. § 11-2	Alle grunnskulane i kommunen har elevråd.		Rektor	
Foreldreråd	O.L. § 11-4	Alle grunnskulane i kommunen har foreldreråd med vald arbeidsutval.		Rektor	
Ansvar for grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp	O.L. § 13-1	Kommunen har rutinar for å sikre at alle som bur i kommunen får innfridd retten til grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp.		Skulefagleg ansvarleg	
Skulefagleg kompetanse på kommunenivå	O.L. § 13-1	Kommunen har personale med skulefagleg kompetanse tilsett i kommuneadministrasjonen		Rådmann	
Ansvar for skuleskyss	O.L. § 13-4	Kommunen har vedtak som sikrar elevar rett til skuleskyss dersom dei har farleg eller vanskelig skuleveg	Kommunestyresak 70/94	Skulefagleg ansvarleg	
Tilbod om musikk- og kulturskule	O.L. § 13-6	Kommunen har eigen kulturskule	Vedtekter for kulturskulen	Kommunestyret	
Tilbod om skulefritidsordning	O.L. § 13-7	Kommunen har tilbod om skulefritidsordning for barn på 1.-4. trinn og for barn med spesielle behov på 1.-7. trinn i Seljord og Flatdal og tilsynsordning i Åmotsdal		Kommunestyret	
Innhald og organisering av skulefritidsordninga	O.L. § 13-7	Skulefritidsordninga har vedtekter som skisserar innhald og organisering.	Vedtekter for skulefritidsordninga.	Skulefagleg ansvarleg	

Tema	Lov, forskrift	Sjekkpunkt / kommunens praksis	Lenke til internt dokument/ skriftleg rutine	Ansvarleg	OK Dato, sign. ansv.
Ressursar til opplæringa	O.L. § 13-10	Kommunen stiller gjennom årlege budsjettvedtak nødvendige ressursar til disposisjon for gjennomføring av opplæring pålagt i opplæringslova.	Budsjett- og økonomiplan	Kommunestyret	
System for kvalitetsvurdering	O.L. § 13-10	Kommunen har et system for vurdering av om krava i opplæringslova blir oppfylte, for vurderinga av kvalitetane på opplæringa og for å følge opp resultatane frå desse vurderingane.	Vedtak i kommunestyret	Skulefagleg ansvarleg	
Tilsyn og kontroll	O.L § 14- 2	Kommunen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skole.		Skulefagleg ansvarleg	
Bruk av forvaltningslova	O.L § 15	Kommunen si verksemd i samband med grunnskuleopplæringa er i samsvar med føresegnene i forvaltningslova .		Skulefagleg ansvarleg/ rektor	
Opplysningsplikt til barnevernstenesta	O.L § 15- 3	Personalet ved skulane er gjort kjende med at dei på eige initiativ skal gje opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at barn blir mishandla eller at det er andre former for alvorleg omsorgssvikt.	Personalet informerast ein gong pr år.	Rektor/lærer	
Opplysningsplikt til sosialtenesta	O.L §15- 4	Personalet ved skulane er gjort kjende med at dei på eige initiativ skal gje opplysningar til sosialtenesta, etter godkjenning frå eleven, eventuelt frå føresette i saker som avgrensast av teieplikta.	Personalet informerast ein gong pr år.	Rektor/lærer	